

Fra: Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>
Sendt: tirsdag 6. desember 2022 18:27
Til: Einar Aase
Emne: GBNR 449/32 og balansert ventilasjon

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei.

Eg gløymde å kommentere avviket på balansert ventilasjon. Dette har to forhold som må takast med i vurdering om fritak. Då dette kravet kom var det pga at det låge lekkasjetalet ville gjere detnærast umulig å få inn tilstrekkelig med frisk luft då husa vart svært mykje tettare. Vidare fungerer balansert ventilasjon med roterande varmevekslar slik at den «brukte» lufta avgir sin varme og ein derved brukar mindre energi til oppvarming.

På dette eldre bygget er lekkasjetalet som nevnt mellom 4 og 4,5 og det er dermed ikkje vanskelig å ha tilgang på nok frisk luft (naturlig/ mekanisk ventilasjon). Eit balansert ventilasjonsanlegg pådette bygget vil ha svært dårleg virkningsgrad pga at det er så store lekkasjer av varm inneluft at det ikkje kan fungere etter intensjonen. (Energisparinga vert minimal og det same gjeld frisklufttilførsel (byte av inneluft.)

Difor meiner eg at det må gjevast fritak for dette også.

Med venleg helsing
Karl Atle Taule



Radøyvegen 1400, 5936 Manger
Mob. 90866010
atle@ing-taule.no